

## Møtereferat

Dato: 08.10.2015

Emne:	<b>Møtereferat arbeidsgruppe HR HMT 021015</b>	
Til stades:	Ruth Brudvik, Arthur Tøsdal, Gina H. Landro, Frode Mannsåker, Bjørn Atle Mikkelsen og Rikke Richardsen.	
Forfall:	Irene Næss, Jorunn Bakke Johannessen	Sak: 2015/3577-8
Møtetid:	02.10.2015 kl. kl. 0830-1030	Møtestad: Wigandgården, møterom Forskjønnelsen

**Møteleiar: Frode Mannsåker****Referent: Rikke Richardsen**

Dagsorden:

1. Godkjenning av referat og dagsorden
  2. Gjennomgang av oppgåvefordeling HMT-BHT – forberedt av BHT
  3. Gjennomgang av HMT/BHT-dokument i Kvalitetsportalen – forberedt av Frode
  4. Neste møte
- 
1. Referat frå møtet 10.06.15:  
Godkjent med utfyllande opplysningar:  
Til punkt 3 – Retningslinje for AMU – er utarbeidd, men enno ikkje godkjent  
Generelt – i referata bruker vi HMS- og HMT-begrepa om kvarandre. Vi skal bruke HMT fram til formell godkjenning av skifte til HMS ligg føre.
  2. Gjennomgang av oppgåvefordeling/samhandling HMT/BHT:  
Tidlegare utsend tabell som skisserer oppgåver, fordeling og samhandling vart presentert av Gina og Rikke. Det kom mange innspel til «foredling» av tabellen. Semje om at:
    - Nokre av hovudoppgåvene må delast opp slik at alle dei viktigaste oppgåve kjem godt fram i oppsettet (til dømes AMU/HAMU, AKAN, sjukefråvær osv.)
    - Kan bli naudsynt å setje opp tilsvarande tabell seinare for å skilje sentralt og lokalt HMT - ansvar
    - Gina og Rikke legg innspela inn i tabellen og sender den ut til alle i gruppa før neste møte.
  3. Gjennomgang av dokument i Kvalitetsportalen:  
Gjennomgang av lista som Frode har laga over HMT-dokument som ligg i Kvalitetsportalen. Diskusjon rundt kva type dokument som skal ligge der og i kva for format dei bør leggjast inn for å vere nyttige for brukarane. Semje om at alle dokumenta må reviderast. Dette skal gjerast av den som er fagleg ansvarleg for dei enkelte dokument til neste møte.

Bjørn-Atle la fram tre dokument som er ferdigstilt, men ikkje publisert i portalen.

Som eit underpunkt informerte Frode om at avtala med leverandøren av Kvalitetsportalen går ut 31. desember 2015. Arbeid med ny kravspec til digitalt system før utlysing av anbod er i gang. Ruth informerte om at pga. usikkerheit om kva for system som vert vald for framtida har nokre tilsette meldt at dei har slutta å bruke portalen. Det bør derfor informerast om prosessen og moglege løysingar, og ein bør oppmode til fortsett bruk av portalen fram til ny løysing er på plass.

**Neste møte blir 20.11.2015 kl.0900 - 1100 (Info om møterom kjem seinare)**